

Høgskulen på Vestlandet

Flerkulturell praksis

ØK305 PR - prosjektoppgåve

Predefinert informasjon

| | | | |
|-----------------------|------------------------------|------------------------|---------------------------|
| Startdato: | 08-05-2017 13:00 | Termin: | 2017 VÅR |
| Sluttdato: | 19-05-2017 14:00 | Vurderingsform: | Norsk 6-trinnsskala (A-F) |
| Eksamensform: | PR-Prosjektrapport inviduell | | |
| SIS-kode: | ØK305 1 PR | | |
| Intern sensor: | Ane Bergersen | | |

Deltakar

Kandidatnr.: 405



Høgskulen på Vestlandet

GLOBAL KNOWLEDGE

Kva synspunkt har tre zambiske på moglege årsakar til borneekteskap?

What view does three zambians have on possible causes of early marriage?

Global knowledge

GK305

Barnevern

19.05.2017

Tal ord: 6284

Kandidatnummer: 405

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10.*



**Avtaleom elektronisk publisering iHøgskulen på Vestlandet sitt
institusjonelle arkiv (Brage)**

Jeg gir med dette Høgskulen på Vestlandet tillatelse til å publisere oppgaven (Skriv inn tittel) i Brage hvis karakteren A eller B er oppnådd.

Jeg garanterer at jeg er opphavsperson til oppgaven, sammen med eventuelle medforfattere. Opphavsrettslig beskyttet materiale er brukt med skriftlig tillatelse.

Jeg garanterer at oppgaven ikke inneholder materiale som kan stridemotgjeldende norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og navn og sett kryss:

kandidatnummer: 405 og navn: Elise Myklevold

JA

NEI

I Samandrag

Denne prosjektoppgåva er skrive i samband med eit tre månadars opphold i Livingstone, Zambia. Under dette opphaldet var eg i praksis ved ulike institusjonar, som til dømes skular, SOS borneby og sosial kontoret. Problemstillinga mi for oppgåva er: *Kva synspunkt har tre Zambiske a på moglege årsaker til barneekteskap?*

For å samle inn informasjon har eg nytta meg av kvalitativ metode, der eg har brukt semistrukturert intervjuguide for å intervju mine tre informantar. Eg har brukt ulike teoriar for å kunne drøfte empirien som informantane mine kom med. Teoriar om kultur, tradisjonelle samfunn, undertrykking, fysisk og psykisk helse, men også litt direkte knytt til temaet barneekteskap.

II Summary

This thesis is written in connection with a three-month practical placement period in Livingstone, Zambia. Here I had my practical placement at various institutions, such as schools, SOS Children's Village and the Social Welfare Office. The question of the research is: That view does three Zambians have about the possible causes of early marriage?

To gather information, I used a qualitative method, where I have used a semi structured interview guide to interview my three informants. I have used different theories to discuss the empirical information my informants gave me. Theories about culture, traditional societies, oppression, but also some about early marriage.

Innholdsforteikning

| | |
|--|-----------|
| I Samandrag | 2 |
| II Summary | 2 |
| 1 Innleiing | 4 |
| 2 Metode | 4 |
| 2.1 Kvalitativ metode | 4 |
| 2.2 Val av infomantar | 5 |
| 2.3 Etiske omsyn..... | 5 |
| 2.3.1 Pilotstudie | 6 |
| 2.4 Moglege feilkjelder..... | 6 |
| 3 Teori | 6 |
| 3.1 Kultur..... | 7 |
| 3.1.1 Eit kollektivistisk livssyn | 7 |
| 3.2 Ubuntu..... | 9 |
| 3.3 Max Weber | 9 |
| 3.2.1 Makt og autoritet..... | 10 |
| 3.4 Fattigdom | 10 |
| 3.4.1 Fattigdom i Zambia..... | 11 |
| 3.5 Dei undertryktes pedagogikk | 12 |
| 4 Empiri | 13 |
| 4.1 Presentasjon av informantar..... | 13 |
| 4.2 Familie | 14 |
| 4.3 Fattigdom | 14 |
| 4.4 "Initiation ceremony", tradisjon og kultur | 15 |
| 5 Drøfting | 16 |
| 5.1 Kultur og Ubuntu | 16 |
| 5.1.1 Tradisjonelle samfunn og kjønnsroller..... | 17 |
| 5.1.2 Tradisjonar i kulturen..... | 17 |
| 5.2 Fattigdom som årsak | 18 |
| 6 Avslutning | 19 |
| Litteraturliste | 20 |

1 Innleiing

Global Knowledge er eit emne eg kunne velje for min praksisperiode dette andre året på barnevernspedagogutdanninga. Det går ut på ein tre månadars praksis i Zambia. Vi budde i ein by som heiter Livingstone, der våre praksisplassar innebar SOS bar (Eriksen & Feldberg, 2013) (Eriksen T. H., 2010)neby, sosialkontoret og på skular både i urbane og rurale områder. I samband med denne praksisen skulle vi skrive ei prosjektoppgåve. Etter mykje fram og tilbake ende eg opp på tema om borneekteskap. Eg blei interessert i å forstå årsakene bak borneekteskap, og ende opp med denne problemstillinga:

Kva synspunkt har tre zambiske på moglege årsakar til borneekteskap?

I første del av oppgåva vil det bli presentert kva metode som har blitt brukt for å samle inn empiri. Vidare vil det bli presentert relevant teori, før det til slutt vil bli ein drøftingsdel der empiri og teori vert sett på og problemstillinga vert forsøkt å svare på.

2 Metode

"Samfunnsvitenskapelig metode dreier seg om hvordan vi skal gå fram for å få informasjon om den sosiale virkeligheten" (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011, s. 29) Det dreiar seg om ulike måtar å samle inn informasjon, og om korleis vi tolkar og analyserar denne informasjonen.

Vi kan skilje mellom kvantitative og kvalitative metodar. I kvantitative metodar ynskjer ein å hente inn store mengder informasjon for å til dømes kartlegge eit fenomen.

Spørjeundersøkingar er eit døme på ei kvantitativ tilnærming (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011, s. 31). Kvalitet står i motsetnad til kvantitet. Når ein nyttar seg av kvalitativ forsking er ein meir oppteken av forstå, og antal forskningsobjekt er færre enn i kvantitativ metode. Intervju og feltarbeid er døme på kvalitative metodar.

2.1 Kvalitativ metode

I denne oppgåva har eg vald å nytte kvalitative metodar for å samle inn empiri. Dette er fordi eg ynskjer meir detaljert informasjon, noko som eg kan få gjennom å nytte færre personar. Metodane eg har vald å bruke er intervju og feltarbeid. I intervju får ein høve til å fokusere på korleis enkelte oppfattar ulike situasjonar og fenomen. Eg har vald å nytte meg av

semistrukturert intervju, noko som vil seie at intervjuet er basert på ein intervjuguide. Dette er ei liste over ulike tema og spørsmål som skal takast opp i løpet av intervjuet.
(Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011, s. 139)

2.2 Val av informantar

Når vi skal velje ut informantar til ein kvalitativ undersøking er ein ikkje oppteken av antal informantar. Vala er ofte strategiske og formålsstyrt. Vi ynskjer å velje informantar som kan gje god informasjon om problemstillinga (Jacobsen, 2013, s. 114). For å velje ut informantar til denne problemstillinga, ønska eg at informantane mine kunne gje gode svar på mine spørsmål. Slik ende eg opp på ein utdanna lærar, ein som arbeidar innanfor feltet om borneekteskap og ein sjukepleiarstudent. Vi ser at dei tre informantane har ulike grunnlag, noko eg håpa kunne gje meg varierte og gode svar. Når det gjaldt kjønnsfordelinga på informantane, skulle eg eigentleg ha to kvinner og ein mann. Det ende opp med ei kvinne og to menn, for den eine kvinnen som eg skulle intervju hadde aldri tid og eg måtte derfor finne ein ny informant på kort tid.

2.3 Etiske omsyn

"Etikk dreier seg om prinsipper, regler og retningslinjer for vurdering av om handlinger er riktige eller gale" (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011, s. 89) Det er mykje ein må ta etisk omsyn til når det gjeld det å samle inn informasjon til forsking. Dette kan særleg vere viktig i samband med menneske direkte, som til dømes intervju. Under intervju kan personar utsetjast for spørsmål som for dei kan vere ubehagelege, spørsmål om tema som kanskje kan vere tabu eller svært nærgåande og intime. *"Etiske hensyn innebærer derfor at man som forsker tenker over hvordan et tema kan belyses uten at det får etisk uforsvarlige konsekvenser for enkeltmennesker, grupper av mennesker eller hele samfunnet."*

(Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011, ss. 90-91)

Det er i tillegg viktig å hugse på at menneske har ulike verdsbilete og konstruerer røyndommen sin ut frå sin kultur, sitt samfunn og sitt miljø. Difor er det viktig at ein tek omsyn til dette i eit eventuelt intervju. Eg har også valt å anonymisere mine informantar, og laga fiktive namn på dei.

2.3.1 Pilotstudie

For at dei spørsmåla eg stilte til mine informantar ikkje skulle få etisk uforsvarlege konsekvensar, eller gjere mine informantar fornærma på noko måte, hadde eg det vi kallar for pilotstudie. Det går ut på at nokon med kunnskap innafor tema blir testpersonar, slik at dei kanskje kan hjelpe meg med formulere spørsmåla på ein anna måte eller komme med forslag til spørsmål. I mitt tilfelle valde eg også å tenke over dei kulturelle perspektiva ved det etiske, og i staden for å teste ut spørsmåla mine på ein fagperson, valde eg å teste det først ut på ein av mine medstudentar, men også på ein lokal frå Zambia som eg hadde bygd relasjon til.

2.4 Moglege feilkjelder

Det er alltid slik at moglege feilkjelder kan oppstå når ein jobbar med ei slik oppgåve. I mitt tilfelle, med tanke på at intervjuet føregikk på eit anna språk og i ein anna kultur, er det mogleg at det oppstår misforståingar på bakgrunn av kulturforskellar og språket. Eg kunne merke at dei av og til tolka spørsmåla mine annleis enn kva det var meint, og slik kan også eg ha tolka deira svar annleis enn kva dei mente å seie. Tema borneekteskap er kanskje eit tema som ikkje ofte vert snakka om, og det kan også oppstå feilkjelder. Det er mogleg at dei ville forklare det på ein anna måte enn kva eg tenkjer om dette tema, i tillegg til at dei kanskje tenkte spørsmåla var vanskelege å svare på.

Andre feilkjelder kan vere at mitt eine intervju vart spontant, i og med at den personen eg eigentleg ikkje skulle intervjuet ikkje kunne. Då fikk eg verken tid til og forberede meg, og eg hadde heller ingen med meg på intervjuet som kunne hjelpe meg og notere. Det ende opp med at eg noterte sjølv, noko som kan ha gjort til at eg ikkje fikk med meg alt.

3 Teori

I denne delen av oppgåva vil eg presentere teori som eg kan knytte til empirien i drøftinga seinare i oppgåva. Eg skal ta føre meg omgrepene *kultur*, og kome inn på temaet om tradisjonelle samfunn- og kjønnsroller. Eg vil også sjå på bank-metoden til Feire og Weber sin tradisjonelle autoritet. Men før eg startar på teoridelen vil eg relativt kortfatta gjere greie for begrepet borneekteskap og om omfanget av dette i Zambia. Kvart andre minutt vert ei jente under 18 år utsett for borneekteskap ein stad i verda. Eit borneekteskap vil seie at eit

ekteskap vert inngått der den eine eller begge partar er under 18 år. (Girls not brides, 2016). Målingar frå 2016 viser at Zambia er eit av dei landa som har eit prosentvis høgt tal av borneekteskap. Desse målingane informerer blant anna om at 31% av kvinnene mellom 20 og 24 år blei gift før dei fylte 18 år, og 6% i same alder før dei hadde fylt 15 år. Sjølv om lova i Zambia seier at minimumsalderen for ekteskap er 21 år, er det framleis slik at jenter kan verte gift så snart dei har komme i puberteten (Girls not brides, 2016).

3.1 Kultur

Ordet kultur er eit begrep som har fleire tydingar. Vi kan definere kultur slik; "Kultur viser til det lærte, kognitive og symbolske aspektet ved tilværelsen" (Eriksen T. H., 2010, s. 15) Her blir kultur forstått som at kultur kan påverke våre handlingsmønster (Eriksen & Feldberg, 2013, s. 110).

Ordet kultur stammar fra orda *cultura* og *cultus*, som er latinsk og tyder dyrking av jorda og dyrking av gud. (Dahl, 2015) Mennesket er medlem av samfunnet, og kultur er ein føresetnad for at samfunnet skal eksistere. Alle kulturar har sine sær preg, og er ulike frå andre kulturar i andre samfunn. Men, kultur er ikkje berre knytt til samfunnsnivå, kultur er også noko vi menneske tileignar oss gjennom den lærdommen vi får. Innlæringa av vår kultur startar med ein gong etter fødselen, og du vert forma som eit menneske ut frå dei påverknadane du vert utsett for. (Schieffloe, 2011, ss. 131-132)

"Med en dynamisk kulturforståelse er kultur ikke noe et menneske har, men noe posisjonerte individet gjør seg gjeldende i det sosiale spiller overfor andre mennesker" (Dahl, 2015, s. 42) Med ein dynamisk kulturforståing legg vi vekt på korleis vi tolkar situasjonar og korleis vi vel å handle, og vala er ofte påverka av korleis andre også tolkar denne situasjonen.

3.1.1 Eit kollektivistisk livssyn

Vi kan skilje mellom eit individualistisk og kollektivistisk livssyn. I det individualistiske livssynet ser ein på det enkelte mennesket i fokus. Med eit slik livssyn er sjølvstende og individualitet viktig frå menneska er små, og målet er at bornet ein gong skal bli i stand til å ta vare på seg sjølv, uavhengig av andre. Eit kollektivistisk livssyn finn vi ofte i tradisjonelle samfunn. (Skytte, 2008, ss. 67-68)

I eit kollektivistisk livssyn er det fokus på familie. Eit menneske har eit lukkeleg liv dersom familien har det bra, og at familien fungerer godt. I barndommen er det viktig at borna vert oppseda til å verdsette familien. Fordi Zambia er eit tradisjonelt samfunn, der det ofte er eit kollektivistisk livssyn som dominerer, vel eg å fokusere på det.

I det kollektivistiske samfunnet lærer born seg å rette seg etter meiningsane til dei eldre i familien. Det er også slik at dersom eit born vik frå dette vert det sett på som dårlig åtferd. Det kollektivistiske livssynet seier at det ikkje er den enkelte som må stå for sine handlingar, men heile familien. Dermed kan ein seie at kva for ein åtferd ein har, påverkar resten av familien. Av denne årsaka vert barneoppsedinga retta for å oppretthalde familien si ære. Barneoppseding er ofte prega av eksterne autoritetar og reglar. (Skytte, 2008, s. 69)

Tradisjonelle samfunn har ofte hierarkisk oppbygde familiar, der dei ulike familiemedlemmane får tildelt ulike roller. Øvst i dette hierarkiet finn vi far og faren si slekt, så kjem sønene, og deretter mor og resten av borna. (Skytte, 2008, s. 71)

3.1.1.1 Kjønnsroller i det Zambiske samfunnet

Det har vore sagt at afrikanske kvinner er den mest undertrykte gruppa av menneske i verda. Sjølv om dette kanskje ikkje er heile sanninga, er det likevel sant at afrikanske kvinner ofte er fattigare, har lågare sosial status og har kortare leveår enn kvinner i andre land. Kort fortalt, ved fleire aspekt ved livet som familie, det sosiale, det økonomiske og lov- har kvinner i Zambia og i andre delar av Afrika det mykje vanskeligare enn menn. (Taylor, 2006, s. 92)

I Zambia har kvinner alltid vore sett på som mindreverdige samanlikna mennene. Kvinner har generelt lågare staus enn menn i tradisjonelle landlege miljø, men også i meir moderne urbane kontekstar. I dag finst det fleire kvinner som arbeider innan politikk og har andre maktroller. Nokre eig sin eigen butikk, men framleis er det slik at menn er øvst på rangstigen. Det er mindre utdanna og rike kvinner som kan fylle rollene i politikken, og fattigdom er ein relevant del her. Ofte vert jentebornet utdanna til slutt når dei har økonomi til det, og ofte gift vekk først, kanskje i ein alder av 13 år(Taylor, 2006, s. 93).

Kjønnsrollene i dagleglivet i Zambia er svært ulike. Jenter og kvinner har ofte mykje ansvar, til dømes å halde huset reint, lage mat, vaske kleder, hente vatn, jobbe på jordet og å samle

inn ved til bål. Gutar og menn har ofte få oppgåver i dagleglivet, og kan sitte og snakke med kvarandre, spele spel og kanskje drikke øl.

3.2 Ubuntu

Ubuntu; *umuntu ngumuntu ngabantu*, eller ”eg eksisterer fordi du eksisterer” (Shutte, 2001). Ubuntu er ein etikk og ein visjon som omhandlar kva verdiar som gjer eit menneske fullverdig i eit fellesskap med andre. Ubuntu står for fellesskap og er knytt til ei rekke verdiar som fleire afrikanske kulturar deler: respekt, lojalitet, høflegheit, toleranse, tolmod, gavmildheit, gjestfreiheit og samarbeid (Shutte, 2001). Eit viktig element i ubuntu er å vere eit godt menneske, og relasjonar til andre i samfunnet er svært essensielt (Bergersen, 2017) Ein vektlegg fellesskapet og det holistiske verdssynet.

”Måten en oppfører seg på overfor ethvert menneske blir svært viktig for å kunne utvikle seg og bygge opp ens personlighet. Å være autonom og prioritere egne behov kan føre til utesenging fra andre fordi det ikke er i tråd med en Ubuntu-etikk” (Bergersen, 2017, s. 115)

Fellesskapstenkinga er viktig i Ubuntu, samfunnet og familien. Det er vanleg med ”storfamiliar” der både tante, onklar, syskenborn, besteforeldre, foreldre og sysken bur saman. Etter afrikansk forståing kan ein ikkje sjølv velje relasjonar, men ein må ta til seg den kraft og energi som dei ulike relasjonane vi har gjev oss, og ved dette prøve å skape ein slags harmoni. *”Konflikt vil redusere en som person og må derfor unngås, konflikt blir en nedbrytende kraft”* (Bergersen, 2017, s. 118) Ein grunnleggjande verdi for afrikanarane er respekt for dei eldre. I tillegg til dette er det viktig å respektere kjønnsforskellar for å kunne følge Ubuntu-etikken (Bergersen, 2017, s. 117)

3.3 Max Weber

Den tyske filosofen og historikaren Max Weber vert regna som ein av det moderne sosiologifaget sin grunnleggjar. Weber var oppteken av religion, og korleis dette påverka økonomien og kulturen i eit land. Han meinte at menneskelig handling vert påverka av religion. Når han skulle forklare forskjellane mellom katolikkane og protestantane økonomi, forklarte han at katolikkane tok livet meir ”med ro” fordi dei kunne bli tilgitt av gud uansett.

Protestantane trudde på at suksess i arbeid var teikn frå gud. Han meinte at dei kulturelle forholda i eit land er med på å påverke folk sine haldningar og kan dermed påverke dei økonomiske forholda.(Feldber og eriksen, 119-121)

3.2.1 Makt og autoritet.

Webers definisjon på makt er *"en persons evne til å kontrollere en annen persons atferd, også mot dennes vilje"* (Schiefloe, 2011, s. 214) Weber deler makt inn i open maktbruk, skjult maktbruk og legitim maktbruk. Den som er relevant i denne samanhengen er den legitime maktbruken. Legitim makt vil seie at den vert utøva makt imot, godtek det som riktig. Den legetime maktbruken kan vi dele inn i tre typar; tradisjonell autoritet, karismatisk autoritet og rasjonell-legal autoritet. Autoriteten som vert akseptert på grunn av normative eller historiske årsaker, vert kalla tradisjonell. Dersom autoriteten er basert på leiarens evne til å begeistre, eller på grunn av sin sjarm, er dette karismatisk. Eit døme på slik karismatisk maktbruk kan vere religiøse leiarar. Den siste typen, rasjonell-legal autoritet, bygger på lover og regler som gjer at nokon har makt over andre(Schiefloe, 2011, s. 216).

3.4 Fattigdom

"Mennesker er fattige hvis de sulter, fryser, ikke har skikkelig bolig eller utesetnes fra helsetilbud og skolegang fordi de ikke kan betale for seg." (Schiefloe, 2011, s. 267). Vi kan skilje mellom tre begrep for fattigdom; absolutt-, subjektiv- og relativ fattigdom. Sitatet som står nemnt ovanfor, vert sett på som absolutt fattigdom. Subjektiv fattigdom omhandlar dei som har dårlig råd, dei som kanskje sjølv føler seg fattige fordi dei vert merksame på at dei sjølve har færre materielle goder enn andre rundt seg. Relativ fattigdom omhandlar dei som ikkje går under grensa som absolutt fattigdom, men som ikkje har moglegheit til å delta i til dømes fritidsaktiviteter eller vanlege sosiale aktiviteter. Relativ fattigdom vert normalt rekna ut frå medianinntekta i landet. Medianinntekta vil seie normalen i landet, og dersom inntekta ligg under denne normalen vert ein rekna som relativt fattig (Schiefloe, 2011, s. 268)

Fattigdom er blitt forklart på ulike måtar. På den eine sida kan fattigdom sjåast på som at menneska som lev i samfunnet har manglande evne til å ta grep for å klare seg i det moderne samfunnet. Ei anna sida ser på fattigdom som eit slags utslag av ulike strukturelle

faktorar. Til dømes kan for høge krav i arbeidsmarknaden gjere at menneske som har ulike vanskar vert utestengt eller får store utfordringar med å skaffe seg arbeid.

Antropologen Oscar Lewis snakkar om ein fattigdomskultur som ofte oppstår mellom gruppene som er fattige. Denne kulturen har som ofte kjenneteikn som manglande tru på seg sjølve og manglande ambisjonar. Dei prøver å ha ein slags legitimering av sin eigen situasjon, og opprettheld ulike normer og verdiar som gjer at dei kan halde ved like den sjølvrespekten dei har, trass fattigdommen. Det som kan vere negativt ved ein slik kultur er at den inneheld uovervinnelege barrierar med hensyn til det å komme seg ut frå fattigdommen (Schieffloe, 2011, s. 269)

3.4.1 Fattigdom i Zambia

Zambia er eit av landa i verda som går under dei 50 fattigaste. Den type fattigdom som finst i Zambia er den absolutte fattigdommen. I artikkelen "Poverty in Zambia: Levels, patterns and trends" står det at i 1998 var 73% av husholdningane i Zambia fattige, og mesteparten av desse var ekstremt fattige (Kapungwe, 2004). Dei fleste fattige bur i rurale område. Artikkelen skriv også om kjønn og fattigdom, der det vert forklart at heimar der familien sitt overhovud er ei kvinne, er meir sårbare og utsett for fattigdom enn i familiar der menn er overhovud.

Artikkelen seier vidare at utdanning og fattigdom har ein samanheng. Utdanning opnar opp mogeligheter for å kunne kome seg inn på arbeidsmarknaden, som igjen skapar moglegheit til å kome seg ut av fattigdommen. Til dømes har ein person med ein viss grad av utdanning større sjanse for å få seg jobb, enn dersom personen hadde vore utan utdanning. Og med utdanning og jobb har ein større moglegheit for å tene slik at ein kan forsørge familien sin på ein betre måte enn utan jobb og utdanning. (Kapungwe, 2004)

3.4.1.1 *Lobola*

Lobola eller *nsalamo* er det vi kallar brudepris. Dette er ein viktig faktor for ekteskapsritual i Zambisk kultur. Dette går ut på at den kommande mannen skal betale, gje ein sum eller ei vare til den kommande kona sin familie. Det er ulikt kva summen eller kva vara kan vere. Til dømes, i nokre tribes, som Bemba-tribes, var denne summen uviktig i form av sum, men det var eit symbol på at mannen ville gifte seg, og for å sette i gong bryllaupsførebuingane

(Taylor, 2006). Medan i Tonga-triben har *Lobola* meir verdi. Her er det vanleg å betale kyr til faren til bruda. Mange utnyttar dette som ein slags ”bli-rik-fort” metode, og sel av dotter si tidleg for og auke sin eigen velstand.

Sjølv om Lobola for det meste er eit symbolsk ritual i den Zambiske kulturen, kan det verte misbrukt. Eit anna problem Lobola kan føre til er at eit par ikkje får gifte seg. Dersom mannen ikkje har ressursar til å betale faren til bruda, kan det ende med at han brukar alt han har og startar ekteskapet i økonomisk krise(Taylor, 2006, ss. 97-98).

3.5 Dei undertryktes pedagogikk

Paulo Freire, ein brasiliansk pedagog, kom opp med det som er kalla dei undertrykkande sin pedagogikk. Ein sentral idé i denne pedagogikken er å vere eit subjekt i sitt eige liv (Freire, 1999, s. 12). Freire fortel om ein metode for læring som han kallar for ”bank-oppfatningen” (Freire, 1999, s. 55) som kan vere eit reiskap for undertrykking. Når det gjeld forholdet mellom lærar og elev, kjem det fram korleis læraren bankar inn kunnskap i hovudet på eleven. Ved å skrive ned det læraren seier og å gjenta det, vert informasjonen banka inn. Freire skildrar det som om eleven er ein slags behaldar (Freire, 1999, s. 54), medan læraren skal fylle opp denne behaldaren. Jo meir han klarar dette, desto betre lærar er læraren, og eleven er ein god elev dersom dei klarar å ta til seg denne kunnskapen .Denne typen undervisning eller læring fører til at bornet ikkje strekk seg lenger enn til det å møte, registrere og ta vare på denne informasjonen. I undervisning er det viktig at eleven kan verte samlar og lage katalogar over informasjonen dei får (Freire, 1999, s. 55)

”Kunnskap kommer bare gjennom oppfinnelser og nyoppfinnelser, gjennom den aldri hvilende, utålmodige, konstante, håpfulle undersøkelse menneskene driver med i tilværelsen, overfor tilværelsen og overfor hverandre.” (Freire, 1999, s. 55) Vidare forklarar Freire at i bank-oppfatninga av korleis ein skal undervise er kunnskap som ei gave frå ”den som kan alt” til dei som er heilt uvitande ”*Projiserer man en absolutt uvitenhet over på andre, et karakteristisk trekk ved undertrykkelsens ideologi, fornekter man at undervisning og kunnskap er metoder til denne undersøkelsen av tilværelsen.*” (Freire, 1999, s. 55)

4 Empiri

I denne delen av oppgåva vil eg presentere informasjon eg henta inn ved hjelp av mine intervju. Eg vil først begynne med å kort presentere mine tre informantar, og kvifor eg valde å intervju desse. Så vil eg dele opp empirien i fleire delar, etter som spørsmålå eg stilte dei gjorde dette naturlig. Eg vil først presentere kva tankar dei har rundt familie som årsak, om fattigdom som årsak og om kultur og tradisjonar. Eg vil også nemne kort kva dei tenkte verknadane av borneekteskap.

4.1 Presentasjon av informantar

"Peter" er 47 år gammal og bur i ein liten landsby eit stykke unna sentrum. Han er gift og har 6 born. Han har ingen utdanning, då han slutta på skulen etter niande klasse. Han driv ei lita sjappe ute i landsbyen, og i tillegg til dette jobbar han som frivillig for sosialkontoret i sentrum. Hans oppgåve er å rapportere tilbake til sosial kontoret om korleis deira hjelp vert nytta i dei rurale områda. I tillegg til dette reiser han, og ei lita gruppe, rundt i fleire rurale områder og held møter for menneska som bur der, og gjer dei informasjon om barneekteskap. Han jobbar med å redusere borneekteskap i Zambia. Eg valde å intervju Peter nettopp på grunn av dette.

"Alex" er 32 år gammal og jobbar som sjef for økonomi-lærarar ved ein skule på landsbygda. Han har fleire utdanningsgrader, blant anna innan økonomi og noko kalla "utvida lærar". I tillegg til dette er han medlem av ein drama klubb, der han likar og skrive skodespel. Grunnen til at eg valde å intervju Alex var fordi han var ein person eg kjende litt frå før, og eg følte meg trygg på at han ville snakke opent om dette tema. I tillegg til dette jobbar han i eit ruralt område, der borneekteskap ofte er meir vanleg enn i urbane områder.

"Melody" er 21 år gammal. Ho er sjukepleiarstudent som er ferdig med graden sin i desember 2017. Melody er vokse opp i hovudstaden, men kom til Livingstone for utdanninga si. Ho drøymer ein dag om å få reise rundt i verda, og ho ynskjer å ta vidare utdanning i eit anna land enn Zambia. Ho bur no saman med sine to syskenborn, ei bestemor og ei tante i eit slags "familiekollektiv". Grunn til at eg valde Melody som min informant er fordi me ved fleire anledningar var saman. Ho er ei smart og reflekter jente, som hadde tankar om fleire

ting i det Zambiske samfunnet. Eg valde derfor henne fordi eg trur ho ville kunne gje gode svar på mine spørsmål, og det at vi hadde ein relasjon til kvarandre ville gjere det enklare.

4.2 Familie

Peter fortel at familie er viktig. At det å oppretthalde ein god familiodynamikk er viktig, og at i Zambia er familien viktig til alt. Ein skal også respektere dei eldre, forklarar han. Då eg spør han om kva han tenkjer kan vere årsak til borneekteskap, nemner han familien som ein. Han fortel at ikkje alle foreldre verdset utdanning for sine born, og prioritera ofte sonen framfor dottera i utdanning. Dei ynskjer berre å gifte vekk sin dotter slik at ho kan få sin eigen familie. Peter forklarar at av og til orkar ikkje foreldre lenger å ta vare på sine døtrer og ynskjer derfor å gifte dei vekk til eldre menn som kan ta vare på dei. Kanskje viss dei ikkje borna oppfører seg bra. Vidare fortel han at dersom ei jente har endt opp gravid, sjølv om det ikkje er frivillig, vil foreldra kanskje ikkje ha noko med dottera si å gjere, slik at ho ender opp med å gifte seg med mannen som har gjort ho gravid.

Alex fortell og om familien som årsak til borneekteskap, og fortel mykje av det same som Peter. Han forklarar også det at frå tradisjonelt av får ein meir respekt av det å vere gift, og mange foreldre ønsker at dottera si skal verte gift, og vel å gifte ho tidlig. Fordi i Zambia er det uvanelig å gifte seg dersom jenta er litt eldre. Sjølv seier han at han syns ekteskap burde ventast med til fylte 18 år.

Lisa fortel også om familie som årsak, men ho trekk også inn at ofte kan mangel på familie føre til borneekteskap. Ho seier at dersom eit jenteborn ikkje har nokon til og ta vare på seg, kanskje foreldra er døde på grunn av sjukdom, eller andre årsakar til at ho er aleine kan kanskje denne jenta sjølv ta initiativ til å gifte seg som ein slags forsikring. Kanskje ho også har mindre sysken ho må forsørgje for også.

4.3 Fattigdom

Ein anna årsak dei nemner er økonomien i landet, dette er noko alle tek opp. Alex fortel at Zambia er eit fattig land, og mange menneske lider av dette, og noko tenkjer borneekteskap kan vere ein utveg frå fattigdommen. I tillegg til at familien får ei mindre "byrde" å ta vare på, får dei også noko ut frå brudeprisen.

Peter seier at brudeprisen variera, ut i frå kor i landet du bur og ut etter kva "tribe" ein høyrer heime i, men det er vanleg å betale kuer, eller andre dyr. "The man pays the father, so that he can marry the daughter". Vidare fortel han om ein ond sirkel, fordi mange av dei som lev i borneekteskap ikkje har utdanning, og ender opp i fattigdom, og på grunn av dette kan dei ofte ikkje sende sine eigne born på skule og må kanskje ende opp med og gifte vekk døtrene sine for økonomi.

Lisa seier at ho kan forstå, sjølv om ho er i mot det, kvifor nokon vel å gifte vekk dotter si på grunn av den økonomiske situasjonen, fordi for nokon er dette siste utveg, familien har kanskje andre dei må forsørgje, og ein liten sum kan hjelpe stort. Ho legg også til at ho meina foreldrene, eller husholdningen mistar ein god verdi når dei giftar bort dotter si. Dottera kan hjelpe til heime, med å vakse, passe småsøsken. I tillegg kan ho kanskje få seg ein liten jobb for å hjelpe familie.

Peter seier at ofte er det slik at familien ikkje har råd til å sende ungane sine på skulen, men ynskjer at nokre av borna skal få utdanning, slik at dei ofte ender opp med å gifte bort dottera for å ha råd til å sende son sin på skule. Nokon foreldre meina også dei gjer borna sine noko godt ved å gifte dei vekk, dei meina dei gjer borna sine ein sjanse.

4.4 "Initiation ceremony", tradisjon og kultur

Tradisjon og kultur kan også vere ein årsak til borneekteskap. Dette sa alle, og alle nemnte ein tradisjon som er kalla for "initiation ceremony". Peter forklarar; Dette er ein tradisjon som jenter går gjennom når dei når puberteten. Jentene vert teken ut frå skulen for ein periode, tiden varierar, men kan vere opp til tre månadar. På denne tiden skal dei lære seg om det å vere kvinne. Alex seier at her skal jenta lære seg om korleis behandle ein mann, og korleis tilfredsstille mannen. Ho skal lære å lage mat, vaske kleder og passe born. Læraren er ofte ei eldre kvinne.

Etter ein sånn seremoni, fortel Peter, er det mange jenter sjølv som meina dei er klare, men også mange foreldre. Jentene ynskjer å prøve ut det dei har lært i løpet av desse månadane, sjølv om dei eigentlig ikkje kjenner til verknadane ved det. Lisa fortel at ekteskap er viktig i Zambia, for det kan ein få respekt for, og tradisjonelt er det vanleg at mannen er eldre enn kvinna, og ho meinte borneekteskap kunne henge saman med kultur og tradisjon i Zambia.

Ho nemner også at religion kanskje kan vere ein årsak. Fordi Zambia er eit veldig kristent land, og ekteskap blir sett på som viktig.

Lisa avsluttar med å seie at det finnes fleire sider ved borneekteskap, og at det ofte er fleire årsakar og ikkje berre ein. "I want everyone to be happy in love, and only marry for love".

5 Drøfting

I denne delen av oppgåve vil eg prøve å kople teorien eg har presentert opp mot empirien, for å prøve å svare på problemstillinga mi:

Kva synspunkt har tre zambiske på moglege årsakar til borneekteskap?

5.1 Kultur og Ubuntu

Når vi ser på kva informantane mine seier i intervjuet, er det fleire punkt vi kan knytte til kva dei har og sei. Eit av desse punkta omhandla kultur og det tradisjonelle samfunnet. Eg vil prøve å kople det informantane seier om kva dei tenker er årsakar til borneekteskap, opp til det Skytte seier om eit kollektivistisk livssyn og det Bergersen(2017) og Shuttle(2001) seier om Ubuntu. Zambia er anset som eit tradisjonelt samfunn, med eit kollektivistisk livssyn. Ein av årsakene, som informantane nemner, er familien. Dei nemner fleire aspekt ved korleis familien kan vere årsak til borneekteskap. Både Skytte(2008) og Shuttle(2001) skriver om at noko som står sentralt i eit kollektivistisk livssyn og i Ubuntu, nemleg fellesskap, familie, respekt for dei eldre, og ein hierarkisk oppbygd familie, der jenter og kvinner ofte er nedst. Eg vel å trekke fram respekt, som er ein viktig verdi i Ubuntu, fordi ut i frå korleis eg tolka utsegna til mine informantar forsto eg det som om at mange jenter vert gift på grunn av foreldre, foreldre som ynskjer at dottera skal verte gift i tidleg alder. På den eine sida kan vi sjå på respekt fordi denne jenta må respektere dei eldre, og lyttar til deira meiningar, fordi sånn er kulturen. På ei anna sida, er denne jenta vokse opp i ein kultur der familie og fellesskap er viktig, og utan familie har ho ingenting, og vel derfor å lytte til sine foreldre for å unngå å skape konflikt i familien og fellesskapet.

På ei anna sida kan eg tolka det informantane mine seier om at familien er årsak, kanskje familien ikkje meina noko vondt med det, men rett og slett ikkje har kunnskap rundt tema borneekteskap. Eller viss eg skal tolka det som blir sagt ut i frå Ubuntu's verdiar og visjonar,

så er dette med å bygge seg ein familie og eit fellesskap viktig i ein slik kultur, og jenta kan sjølv, eller foreldre ynskjer at dotter deira skal bli sikra ein familie, eller ein framtid, så dei vel å gifte ho vekk.

5.1.1 Tradisjonelle samfunn og kjønnsroller

Vi kan også sjå på kjønnsrollemønsteret i det tradisjonelle samfunnet for og tolke det informantane seier. Sjølv om ingen direkte snakkar om kjønn og roller, kan vi ut i frå det dei seier kople det Taylor(2006) seier om kjønnsrollemønsteret i Zambia opp mot det informantane seier. For eksempel seier ein av informantane at familien ynskjer at sonen skal få utdanning, og vel å gifte bort dotter si for og få pengar til dette. Taylor(2006) seier at afrikanske kvinner er ei undertrykt gruppe menneske, med blant anna lågare sosial status. Det er også større arbeidsløyse blant kvinnene, og som Taylor(2006) også seier så blir ofte jentebornet utdanna til slutt, og gift vekk fyrst. Ser vi dette i perspektiv med empirien, kan vi kanskje forstå at kjønnsrollemønsteret i den Zambiske kulturen kan vere ein av årsakene til borneekteskap. I tillegg og på ei anna side av dette kan vi sjå på Webers tankar rundt makt og autoritet, spesifikt den tradisjonelle autoriteten. I eit samfunn med eit hierarkisk familiemønster, vil den som er øvst, mannen, ofte ha autoritet og makt over dei andre. Denne makta oppnår han på grunn av tradisjonar, derav kjønnsrollemønsteret i landet. Ut i fra min tolking av empirien forstår eg det som om jenta ikkje har så mykje ho skulle sagt, og må rette seg etter kva foreldre, og kanskje ofte far har å seie.

5.1.2 Tradisjonar i kulturen

Informantane nemner også tradisjon og kultur som ein årsak til borneekteskap. Med dette tolkar eg det som at det finnes etablerte tradisjonar i landet angåande borneekteskap, og desse tradisjonane går i arv frå generasjon til generasjon. Som Schiefloe(2011) skriver så blir kultur innlært frå fødsel av, og når ein kanskje då blir lært opp til dette, er det dette som blir "realiteten". Ein tradisjonell seremoni som alle mine tre informantar nemnte som mogleg årsak til borneekteskap er "initiation ceremony". Den går ut på å lære jenter om det å bli kvinner. På den eine sida kan vi sjå på dette som ein fin kulturell seremoni som har gått frå generasjon frå generasjon, der jentene lærer om det å bli voksen. På den andre sida kan vi sjå på dette som ein årsak til borneekteskap, slik som mine informantar gjev uttrykk for. På denne sida kan vi trekke inn Freire's(1999) teori om undertrykking, spesifikt "bank-oppfatninga". Viss vi skal forstå denne seremonien ut frå denne bank-oppfatninga, vil det

kanskje ikkje lenger vere ein fin seremoni. Det vil heller vere ein slags "test" der jentene må pugge og pugge, og berre blir behaldarar for denne informasjonen, og ikkje klarar å ta til seg og reflektere informasjonen. Dei tar berre til seg informasjonen, og registrerer dette som riktig. Dette kan underbyggje undertrykkinga av jenter og kvinner. Vi kan også sjå på det frå ein anna vinkel, her kan vi trekke inn Ubuntu og det kollektivistiske livssynet igjen, og verdien respekt. Respekten for dei eldre. Med tanke på at det informantane seier om at det er ei eldre dame som ofte er "læraren" i ein slik seremoni, så kan dette også vere relevant og trekke inn her.

Viss vi går tilbake til bank-metoden for læring, kan vi sjå kvifor denne seremonien er ein årsak til borneekteskap. Som sagt får ikkje jentene til å reflektere, men berre registrere denne kunnskapen, og tilslutt tileignar det til sin eigen informasjon. Når dei då kjem ut frå denne seremonien føler dei seg kanskje klare for å bli "vaksne". Som Peter forklarte så er det både slik at foreldre og jenta sjølv føler seg klar til eit ekteskap, utan å vite kva verknader det kan føre med seg.

5.2 Fattigdom som årsak

Som Kapungwe(2004) seier så er Zambia eit av dei 50 fattigaste landa i verden, og meste parten av denne fattigdommen er absolutt fattigdom. Dette er også noko som kjem fram frå informantane mine, som ein av årsakene til borneekteskap. Eg tolkar det som informantane mine seier, som at økonomiske årsakar kan vere ein av dei viktigaste årsakene til borneekteskap. Alex forklarar blant anna at mange lider av fattigdom, og ser på borneekteskap som ein slags "utveg" frå fattigdommen. Med dette tenkjer han på brudepris, eller Lobola, som er ein praksis i Zambia som går ut på at brudgommen må betale ein viss sum eller noko anna i "byte" med bruda, til foreldra. Slik eg tolkar utsegna mine informantar kjem med, heng det med utdanning, fattigdom og borneekteskap tett saman. For eksempel ein familie som er fattig, har fleire døtrer, som dei vel å gifte vekk i ung alder, som igjen fører til at ho kanskje ikkje får seg noko utdanning og ender også opp fattig. For mange blir det å få denne brudeprisen ein av dei siste utvegane frå fattigdom.

Vi kan også sjå på det frå ein anna vinkel, kanskje der ein fattig familie ønskjer å gifte vekk dotter si, ikkje på grunn av at dei ynskjer brudepris, men for å gje ho ein sjans i livet hos ein mann som kan forsørge ho. Sjølv om dette ikkje alltid er utfallet. Her kan vi igjen sjå på Ubuntu og fellesskap og viktigheten av ein familie. Som Lisa fortel om dersom eit born er foreldrelaust, eller har ingen til og ta vare på seg sjølv og eventuelle søskener, kan ekteskap redde både ho og søskene frå eit liv i fattigdom.

Viss vi går tilbake og ser på Lobola-tradisjonen, kan dette, akkuratt som "initiation ceremony" vere ein fin måte å symbolisere at brudgommen ynskjer og vil gifte seg med bruda. Taylor skriv at dette eigentleg blir brukt som eit symbolsk ritual i den Zambiske kulturen, men slik eg tolkar det frå mine informantar, blir dette symbolske ritualet misbrukt for å skaffe seg pengar, og også det å komme seg ut frå fattigdommen.

6 Avslutning

I denne oppgåva har eg presentert ulike teoriar og empirien eg har samla inn for å drøfte og forsøke å svare på problemstillinga mi: *Kva synspunkt har tre Zambiarar på moglege årskar til borneekteskap?*

Etter og ha jobba med denne problemstillinga, har eg forstått at det finnes fleire aspekt ved borneekteskap enn eg trudde. Vi kan sjå at det ikkje berre er ein årsak bak borneekteskap, men at det kanskje ofte er fleire grunnar som hopar seg saman. Ut i frå kva informantane mine seier, kan vi forstå at dei meina årsakene til borneekteskap er mange og varierte. Dei snakkar om økonomiske forhold, kulturen, familien og nokon nemner religion. Slik eg har forstått det er dette med borneekteskap eit komplisert tema som heng igjen i tradisjonar, og etablerte tradisjonar er vanskelig å bryte. Eg føler problemstillinga mi har fått eit svar i den grad det er mogleg, det er kanskje vanskeleg å få eit klart og tydelig svar på kva ein trur er årsaken til borneekteskap, nettopp fordi det er variert kva folk tenkjer angåande det, og på grunn av dei fleire moglege årsakene.

Litteraturliste

- Bergersen, A. (2017). *Global forståelse: barnehagelæreren som kulturell brobygger*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Dahl, Ø. (2015). *Møter mellom mennesker: innføring i interkulturell kommunikasjon*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Eriksen, T. H. (2010). *Små steder, store spørsmål: innføring i sosialantropologi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Eriksen, T. L., & Feldberg, K. B. (2013). *Utvikling: en innføring i utviklingsstudier*. Kristiansand: Cappelen Damm akademisk.
- Freire, P. (1999). *De undertryktes pedagogikk*. (S. Lie, Overs.) Oslo: At notam Gyldental.
- Girls not brides(2016): *Where does it happen?: Zambia*. Henta frå:
<http://www.girlsnotbrides.org/child-marriage/zambia/>
- Girls not brides(2016): *What is child marriage?* Henta frå:
<http://www.girlsnotbrides.org/about-child-marriage/>
- Jacobsen, D. I. (2013). *Forståelse, beskrivelse og forklaring; innføring i metode for helse- og sosialfagene*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Johannessen, A., Tufte, P. A., & Christoffersen, L. (2011). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. oslo: Abstrakt.
- Kapungwe, Augustus(2004): *Poverty in Zambia: Levels, patterns and trends. Development Southern Africa Vol.21, No.3*, s. 483-507.
- Schiefloe, P. M. (2011). *Mennesker og samfunn: innføring i sosiologisk forståelse*. Bergen: Fagbokforl.
- Shutte, A. (2001). *Ubuntu: an etich for a new South Africa*. Pietermaritzburg: Cluster Publications.

Skytte, M. (2008). *Etniske minoritetsfamilier og sosialt arbeid*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Taylor, S. D. (2006). *Culture and customs of Zambia*. Westport CT: Greenwood Press.